



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 02.09.2015
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 16:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland, ordfører	H	Ordfører
Marit Steinestø	Krf	Varaordfører
Egil Kvingedal	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Frode Langhelle	H	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Ragnvald Tangedal	AP	Arthur Reidar Sjursen
Willy Borge	Frp	Frode Langhelle

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass. rådmann Sveinung Toft og konsulent Maud Sleire Holmaas

Sakliste

Saknr	Tittel
086/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
087/2015	Godkjenning av møtebok
088/2015	Arealbehov til tenesteverksemnd og administrasjon i Masfjorden kommune
089/2015	Tenesteavtale 8 om samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorga i Helse Bergen sitt opptaksomårde
090/2015	Fråsegn til 132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon
091/2015	Delegerte saker
092/2015	Framlegg til avtale om kjøp av fibernettet til Masfjorden kommune
093/2015	Uttale til høyring om eigedomskatt på arbeidsmaskiner mm. i verk og bruk
094/2015	Søknad om dispensasjon - utviding av AK 11 Duesund
1	Spørsmål / orienteringar

086/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

02.09.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Sak om skulefrukt og vidareføring av ordninga er klar frå administrasjonen si side. Formannskapet drøfta om ein ville ha saka på sakskartet i dag. Formannskapet konkluderte med at dei ikkje ynskjer å vidareføra ordninga og at dette no er ei frivillig ordning. Saka vart difor ikkje teke opp til handsaming.

FS - 086/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

087/2015: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

02.09.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FS - 087/2015 VEDTAK:

Møtebok frå formannskapet 09.06.15 og 18.06.15 vert godkjend.

088/2015: Arealbehov til tenesteverksemd og administrasjon i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet godkjenner at det vert starta opp eit forprosjekt som vurderer framtidige arealbehov til tenesteverksemd og administrasjon.

Rådmannen får i oppgåve å setje saman ei prosjektgruppe

Forprosjekt må innarbeidast i komande økonomiplan og handlingsplan.

02.09.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vert samrøystes vedteke.

FS - 088/2015 VEDTAK:

Formannskapet godkjenner at det vert starta opp eit forprosjekt som vurderer framtidige arealbehov til tenesteverksemd og administrasjon.

Rådmannen får i oppgåve å setje saman ei prosjektgruppe

Forprosjekt må innarbeidast i komande økonomiplan og handlingsplan.

089/2015: Tenesteavtale 8 om samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorga i Helse Bergen sitt opptaksområde

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune sluttar seg til den reviderte avtalen om samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorga. Kommunestyret vedtar vedlagte rutinar for svangerskaps – fødsels- og barselomsorga.

02.09.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vert samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 089/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune sluttar seg til den reviderte avtalen om samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorga. Kommunestyret vedtar vedlagte rutinar for svangerskaps – fødsels- og barselomsorga.

090/2015: Fråsegn til 132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune rår i frå at det vert gjeve konsesjon for omsøkt 132 kV linje mellom Dalsbotnfjellet til Frøyset transformatorstasjon.

Vidare rår ein til at NVE ber søkjar om å vurdera alternative trasear som kan redusere dei negative konsekvensane ei ny høgspenning linje vil få. Ny konsekvensutgreiing må lagast, der fleire ulike trasear vert drøfta og nye faglege utgreiingar knytt til konsekvensar for mellom anna ornitologi, kulturmiljø, skogbruk, friluftsliv, vilt og landskap vert lagt ved. Utgreiinga må visa ei samla oversikt over dei ulike konsekvensane ulike linjealternativ vil ha.

02.09.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vert samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 090/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune rår i frå at det vert gjeve konsesjon for omsøkt 132 kV linje mellom Dalsbotnfjellet til Frøyset transformatorstasjon.

Vidare rår ein til at NVE ber søkjar om å vurdera alternative trasear som kan redusere dei negative konsekvensane ei ny høgspenning linje vil få. Ny konsekvensutgreiing må lagast, der fleire ulike trasear vert drøfta og nye faglege utgreiingar knytt til konsekvensar for mellom anna ornitologi, kulturmiljø, skogbruk, friluftsliv, vilt og landskap vert lagt ved. Utgreiinga må visa ei samla oversikt over dei ulike konsekvensane ulike linjealternativ vil ha.

091/2015: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

02.09.2015 FORMANNSKAPET

006/2015, Melding om delegert vedtak: Innvilga Startlån og tilskot til reetablering

007/2015, Melding om delegert vedtak - Søknad om skjenkeløyve for Stordalen fjellfestival

008/2015, Melding om endring av delegert vedtak: Søknad om skjenkeløyve i samband med Stordalen fjellfestival

009/2015, Melding om delegert vedtak: Søknad om sponsing av T-skjorter til Bjørn West marsjen

009/2015, Melding om delegert vedtak: Søknad om sponsing av T-skjorter til Bjørn West marsjen

FS - 091/2015 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til vitring

092/2015: Framlegg til avtale om kjøp av fibernettet til Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune godkjenner at det kommunale fibernettet vert lyst ut for sal.

Salet må skje etter konkurranse i samsvar med regelverket knytt til offentlege kjøp. Formannskapet får fullmakt til å godkjenna konkurransegrunnlaget i eiga sak.

02.09.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vert samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 092/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner at det kommunale fibernettet vert lyst ut for sal.

Salet må skje etter konkurranse i samsvar med regelverket knytt til offentlege kjøp. Formannskapet får fullmakt til å godkjenna konkurransegrunnlaget i eiga sak.

093/2015: Uttale til høring om eiedomsskatt på arbeidsmaskiner mm. i verk og bruk

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune er i mot forslaget om endringar i eiedomsskattelova som inneberer å unnta produksjonsutstyr og – installasjonar frå beskatning, og høyringsframlegget avviklar langt på veg eiedomsskatt på verk og bruk. Årsaka er at kommunen vil tape store inntekter, estimert til kr 5,5 – 8 millionar pr. år., samt at endringsframlegget vil gjere eiedomsskatt berre på vasskraftanlegg svært sårbart og utsatt for press for å harmoniserast med næringslivet elles.

02.09.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vert samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 093/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune er i mot forslaget om endringar i eiedomsskattelova som inneberer å unnta produksjonsutstyr og – installasjonar frå beskatning, og høyringsframlegget avviklar langt på veg eiedomsskatt på verk og bruk. Årsaka er at kommunen vil tape store inntekter, estimert til kr 5,5 – 8 millionar pr år., samt at endringsframlegget vil gjere eiedomsskatt berre på vasskraftanlegg svært sårbart og utsatt for press for å harmoniserast med næringslivet elles.

094/2015: Søknad om dispensasjon - utviding av AK 11 Duesund

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til vedtak:

I medhald av pbl §19-2 vert søknaden om å dispensera frå arealdelen til kommuneplanen om å utvida AK 11 med ca 170 m i sørvestleg retning, ikkje godkjend.

Grunngjeving

AK 11 v/Duesund vart godkjend i samband med handsaminga av gjeldande kommuneplan. Dersom ein no utvidar området utan brei informasjon til medverknad, for å etablere eit større oppdrettsanlegg, er det ikkje i samsvar med plan- og bygningslova, jfr pbl § 11-17.

02.09.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vert samrøystes vedtatt.

FS - 094/2015 VEDTAK:

Framlegg til vedtak:

I medhald av pbl §19-2 vert søknaden om å dispensera frå arealdelen til kommuneplanen om å utvida AK 11 med ca 170 m i sørvestleg retning, ikkje godkjend.

Grunngjeving

AK 11 v/Duesund vart godkjend i samband med handsaminga av gjeldande kommuneplan. Dersom ein no utvidar området utan brei informasjon til medverknad, for å etablere eit større oppdrettsanlegg, er det ikkje i samsvar med plan- og bygningslova, jfr pbl § 11-17.

1: Spørsmål / orienteringar

02.09.2015 FORMANNSKAPET

Marit Steinestø, KrF stilte følgjande spørsmål:

1. Kor langt er evalueringa av teknisk utval kome?
2. Er noko blitt gjort for å ordna vegen ved Krokevassdammen, slik at store bussar kan kjøre der?

Svar:

1. Evaluering teknisk utval legg ein til grunn vert som eiga sak i kommunestyremøte i oktober.
2. Vi har ikkje fått nokon formell tilbakemelding frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på det vedtaket som Masfjorden og andre partar har gjort.

Egil Kvingedal, V har fått følgjande tilbakemelding frå engasjerte innbyggjarar og ansatte:

Brot på etiske retningslinjer

Fagforbundet har invitert til kaffimøte i kantina ved Masfjorden Sjukeheim kl. 11 kommande fredag. Tema er bla kommuneval, og gjester er frå Fagforbundet og Jette Kristiansen frå AP+ nokre lokale politikara.

Spørsmål: Er ikkje dette brot med etiske retningslinjer i kommunen? Ref. dokument. Er det greitt å samle kommunalt ansatte å drive valkamp i arbeidstida, eller er dette berre forbeholdt AP?

- For dei som ikkje vil delta på dette, kor skal dei gjera av seg i lunsjen?
- Vil kommunen/me som arbeidsgjevar godta det, eller vil me stoppa arrangementet?

Venstre forventar at arrangementet vert flytta ut av arbeidsplassen og ikkje gjer ufrivillig «møteplikt».

Svar: Saka vert følgt opp av rådmann, og endra gjennomføring til anna lokale.

Oppdrett i Lindås kommune: Oppdrettsanlegget som sleit seg i vår er no starta å legge ut nye anker. I går kveld bora dei fjellboltar i strandsona i Elvik og strekker soleis ankerkjetting over kommunegrensa.(tvers heile fjorden)

- Er administrasjonen klar over dette og har evt. uttalt seg til fylket i denne saka?
- Har dette vore ute på høyring?

Venstre forventar tilbakemelding i denne saka, og meiner at Masfjorden må protestere på ankring inn over kommunegrensa utan å få melding om dette.

Svar: Svara i møte og vert følgt ytterlegare opp.

Barnevern: Rådmann orienterte om drøftinga med Gulen kommune om vertskommunesamarbeid, med Gulen som vert og Masfjorden som medlem, og lokalisert på Hosteland. Saka vert lagt fram til handsaming i oktober, og tenkt oppstart frå 1.1.2016. Noverande ordning er samlokalisering.

Etableringstilskot: Vidare oppfølging av problemstilling frå sist formannskapsmøte, og formannskapet står fast på konklusjon frå førre møte.

Ei sak frå personal - framlegging av sak til avgjerd i administrasjonsutvalet 29. september

Formannskapet drøfta litt aktuelle prosjekt i høve til Hordaland fylkeskommune si utlysing av midlar til fyrtårnprosjekt (konesjonskraftmidlar) og søknadsfrist 1.10.2015.

Rett utskrift av møteprotokoll frå formannskapet den 02.09.15 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Marit Steinestø
varaordfører